Vedlegg 9: Rapport arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa for revisjon av Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen legg med dette fram forslag til ei ny forskrift, kalla Forskrift om studiar ved Universitetet i Bergen.

Bakgrunn
Arbeidsgruppa blei vedtatt oppretta av Utdanningsutvalet i møte 16. desember 2021 sjå sak 63/21, med dette mandatet:

Arbeidsgruppa skal gjere framlegg om heilskapleg revisjon av grads- og studieforskrifta, som:

- *Tar høgde for endringar i lovverk, praksisar ved fakulteta og organisering av UiB.*
- *Sikrar likehandsaming av studentane.*
- *Forenklar regelverket slik at det blir lettare å forstå og bruke.*
- *Gjer det mogleg for fagmiljøa å innføre fagleg funderte ordningar og nyvinningar i undervising og vurdering.*
- *Avklarar forholdet mellom stå-karakter etter, høvesvis, den graderte (A-F) og den ugraderte (bestått/ikkje bestått) karakterskalaen.*

Samansetjinga av gruppa sikra at alle fakultet var representert, med ei blanding av vitskapeleg og administrativt tilsette. Gruppa hadde og ein studentrepresentant og ein sekretær frå Studieavdelinga.

- Halvard Haukeland Fredriksen (visedekan JF, leiar)
- Trine Pernille Klokkerud (studieleiar og rådgivar SV)
- Ingrid Christensen (studiesjef MN)
- Marit Øilo (visedekan MED)
- Steinar Bøyum (instituttleiar HF)
- Yael Harlap (visedekan PSYK)
- Lise Rakner (professor SV)
- Eystein Sandstø Kvam (rådgivar KMD)
- Oscar dos Santos Kvalsvik (student MN)
- Knut Knapskog (SA, sekretær)

Etterfølgjande usikkerheit knytt til sensorordninga
Den utløysande årsaka til at arbeidsgruppa vart sett ned, var den nye sensorordninga som Stortinget vedtok sommaren 2021.[1] Lovendringa krev at all sensur som nyttar gradert vurderingsuttrykk (A-F) skal ha to sensorar, og at minst ein av sensorane skal vere «uten tilknytning til den delen av utdanningen» som sensuren gjeld. Endringa var meint å gjelde frå haustsemesteret 2022, noko som førte til at arbeidsgruppa fekk ein svært kort frist for å leggje fram naudsynte endringar av grads- og studieforskriften. Framlegget om endring skulle opphavleg leggast fram i Utdanningsutvalet sitt møte 7. april 2022.

Etter at arbeidsgruppe var sett ned, valde den nye regjeringa å utsetje innføringa av den nye sensurordninga. Departementet har også meldt om ein større revisjon av universitets- og

[1] Lov 11. Juni 2021 nr. 81 om endringer i universitets- og høyskoleloven, utdanningsstøtteloven, fagskoleloven og yrkeskvalifikasjonsloven mv. (formål og oppgaver for universiteter og høyskoler, studentrettigheter, fagskoleutdanningens omfang, behandling av personopplysninger, yrkeskvalifikasjoner fra tredjeland mv.

høgskulelova, og at sensurordninga skal vurderast på nytt i denne samanhengen.[2]

Usikkerheita knytt til sensorordninga førte til at arbeidet i arbeidsgruppa endra karakter. Gruppa vurderte om heile arbeidet burde utsetjast til etter at departement og Storting har klargjort kva for endringar, om nokre, som til sist vert gjort i sensorordninga, og eventuelt kva andre endringar i universitets- og høgskulelova som er på veg. Utdanningsutvalet ønskte samstundes ein generell gjennomgang av heile forskrifta, som opphavleg er frå 2012. Alle påfølgande endringar av forskrifta har ført til at ein heilskapleg revisjon er på høg tid. Det vart derfor avgjort, i samråd med prorektor for utdanning, å halde fram arbeidet med ein romslegare tidsfrist. Arbeidsgruppa vurderte det fånyttes å spekulera i kva for endringar i sensorordninga som kan bli vedtatt, og la derfor bort den delen av arbeidet som gjaldt dette.

Desse endringane av føresetnadene for arbeidsgruppa førte til at mykje av arbeidet kom til å dreie seg om forenkling og opprydding av språk og struktur, for å gjere forskrifta lettare å forstå og bruke.

Arbeidet i arbeidsgruppa
Arbeidsgruppa har hatt to innspelsrundar. I første runde vart fakulteta bedne om å melde inn sine behov for endringar av gjeldande forskrift. I andre innspelsrunde forsøkte arbeidsgruppa å nå pedagogiske miljø, framifrå undervisarar, studieprogramleiarar, mv. Studentombodet har også levert innspel til arbeidet.

Arbeidsgruppa har hatt fire møter, inkludert opningsmøte. I andre møte, etter første innspelsrunde, gjekk arbeidsgruppa gjennom hovudtrekka i innspela frå fakulteta, og prinsipielle spørsmål knytt til kva for nivå forskjellige tema bør regulerast. Ei utfordring i diskusjonane har vore at dei var knytt til delvis krunglete formuleringar i den noverande forskrifta. I tredje møte starta arbeidsgruppa å diskutere framlegg til ny forskriftstekst. På fjerde møte blei framlegg til heilskapleg ny forskrift diskutert.

Det har også vore innslag av diskusjonar på epost og Microsoft Teams.

Framlegget
Arbeidsgruppa gjer framlegg om ein heilskapleg gjennomgang av forskrifta med utgangspunkta som er skildra ovanfor. Berre nokre overordna spørsmål av prinsipiell karakter blir omtala her. Nokre fleire merknader følgjer med som kommentarar satt direkte inn i fremlegget til forskrift.

Føremåla med forskrifta og einskildreglar i henne
Arbeidsgruppa meiner det er ønskeleg med ein innleiande føremålsparagraf, som viser dei overordna omsyna som dei enkelte reglane skal tolkast i lys av. Arbeidsgruppa gjer framlegg til ein ny § 1-1 med følgjande ordlyd:

> **§ 1-1 Føremål**
> (1) Studia ved universitetet i Bergen skal
> a) vere forskingsbaserte og legge til rette for studentaktiv læring
> b) ha møteplassar mellom studentar og fagleg tilsette, og sørge for at studentane blir integrerte i fagmiljøa

[2] Prop. 74 L (2021–2022), til dømes på side 5 og 6 («I tillegg foreslår departementet at ikraftsettelsen av universitets- og høyskoleloven § 3-9 andre ledd tredje og fjerde punktum utsettes og sees i sammenheng med den fullstendige behandlingen av NOU 2020: 3 *Ny lov om universiteter og høyskoler*, som departementet tar sikte på å følge opp med en lovproposisjon til Stortinget i 2023.»

c) gi opplæring i akademisk redelegheit, ytringsfridom og fagkritikk
d) gi den digitale kompetansen som er relevant for fagområdet, og
e) gi eit godt grunnlag for læring heile livet.

(2) Eit klårt og tilgjengeleg regelverk er viktig for at studentane skal verte kjend med dei rettar og pliktar ein har som student ved universitetet, og for å sikre lik praksis på dei ulike fakulteta.

(3) Universitetet i Bergen ønsker å legge til rette for lærings-, undervisings- og vurderingsformer som fremjar betre læring.

Ein meir spesifikk "faneparagraf" om forventingane til studentane finn ein i § 4-3(1):

§ 4-3 Pliktane til studenten
(1) Studenten skal
a) delta i undervisinga
b) aktivt medverke i sin eigen studiekvardag og den akademiske fellesskapen
c) setje seg inn universitetet sine reglar og retningslinjer
d) følge med på program- og emnesidene på MittUiB, og motta og lese epostar frå universitetet
e) medverke i student- og universitetsdemokratiet

Arbeidsgruppa meiner også at det er ønskeleg at forskrifta i større grad enn i dag viser kva for omsyn som skal vegast mot kvarandre i saker der til dømes eit fakultet kan regulere visse spørsmål nærare i utfyllande reglar eller må treffe ei skjønnsprega avgjerd i ei einskildsak. Eit døme er § 2-3(3) om talet på studiepoeng for eit emne:

(3) Talet studiepoeng for eit emne skal vere deleleg med fem. Dette gjeld ikkje for integrerte masterprogram eller for profesjonsstudia. *Også i andre tilfelle kan det gjerast unntak dersom faglege grunnar talar for det, og korkje omsynet til studentane sin valfridom eller ønske om tverrfaglege studiar gjer det utilrådeleg.*

Fleire døme på likande klargjering, med tilhøyrande føringar for vurderingane, finn ein i §§ 5-2(3) om permisjon, 6-4 om undervisningsspråk og 7-7(4) om eksamensspråk.

Særreglar for einskilde fakultet
Fakulteta er ulike og hovudreglane i forskrifta passer ikkje alltid for alle. Med åra er det kome inn eit stort tal særreglar mynta på einskilde fakultet. Arbeidsgruppa ser at nokre slike særreglar er uunngåelege, men meiner det er ønskeleg at talet på dei vert så lågt som mogleg. Det er også ønskeleg at forskrifta forklarer betre kvifor eit fakultet har fått høve til å gjere unntak, og helst og kva omsyn unntaket er meint å sikre.

Arbeidsgruppa har forsøkt å utforme forskrifta slik at omsyna til dei einskilde fakulteta i størst mogleg grad blir varetatt i dei generelle reglane, eller at høvet til å vedta utfyllande reglar gjeld alle fakulteta. Det er nokre unntak frå dette.

Terminologi – særskilt om omgrepet "eksamen"
Omgrepet "eksamen" er noko omstridt i pedagogisk samanheng. For nokre gir omgrepet assosiasjonar utelukkande til avsluttande prøving, gjerne i form av ein tradisjonell skuleeksamen og retta meir inn mot å prøve kunnskapar enn ferdigheiter. For andre er omgrepet nøytralt, som eit samleomgrep for all slags prøving av studentane, uavhengig av prøvingsform og tidspunktet for prøvinga.

I noverande forskrift har universitetsstyret introdusert "vurdering" som eit alternativt

samleomgrep for ulike formar for prøving, men halde fast ved eksamen i variantane "skuleeksamen" (§ 6-2-2), "munnleg eksamen" (§ 6-2-3) og "heimeeksamen" (§ 6-2-4), som døme på ulike "vurderingsformer"(sjå § 6-2-1). I nokre samanhengar fungerer det fint å erstatte "eksamen" med "vurdering", t.d. "vurderingsformer" i staden for "eksamensformer". I andre samanhengar er bruken av "vurdering" lite naturleg eller til og med fleirtydig. Døme på dette er reglane om "antall vurderingsforsøk" (§ 6-8), "avbrutt vurdering" (§ 6-9), "ny vurdering" (§ 6-11) og "tilrettelegging ved vurdering (§ 6-13-1). Språkleg skulle ein tru desse reglane rettar seg mot dei som vurderer studentane (sensorane), men det er ikkje tilfelle – det er snakk om reglar om talet på eksamensforsøk, avbroten eksamen, såkalla kontinuasjonseksamen i tilfelle av gyldig fråvær frå eksamen og tilrettelegging av eksamen. I andre samanhengar brukast "vurdering" i tradisjonell tyding, t.d. i § 7-2 om "[v]urderingskriteriene som benyttes ved sensuren" og i § 7-7(4) om "ny vurdering" i tilfelle der det er sprik på to karakterar eller meir mellom opphavleg sensur og klagesensuren. I nokre tilfelle endar en opp med formuleringar som er temmeleg forvirrande, som t.d. i § 7-6 (2) om klagerett: "Klage over vurdering av enkeltarbeider som inngår i en mappevurdering eller annen vurdering, kan som hovedregel først fremmes når det samlede resultatet fra emnet er kunngjort".

I universitets- og høgskolelova har lovgjevar halde fast ved eksamen som samleomgrep. Det same gjeld Aune-utvalets framlegg til ein ny lov (NOU 2020: 3). Dette er eit tungtvegande argument for å nytte same terminologi i UiB-forskrifter, ut frå eit ønske om å gjere regelverket lettare tilgjengeleg. Studentane snakkar om, og leiter etter, reglar om eksamen, ikkje reglar om vurdering.

Så framt det blir presisert at "eksamen" er eit nøytralt samleomgrep, som ikkje seier noko som helst om kva slags prøving som er å føretrekke og heller ikkje noko om tidspunktet for prøvinga, så er arbeidsgruppa komen til at forskrifta blir klårare om ein kallar eksamen for eksamen.

Struktur
Strukturen er forenkla. Hovudtrekket er at forskrifta følger eit studieløp kronologisk, med desse kapitla

1. Føremål og verkeområde
2. Organisering av studia
3. Oppretting mv. av studium
4. Studierett
5. Tilpassing av studia og fråvær
6. Undervisinga
7. Eksamen
8. Eksamenssforsøk
9. Sensur og vurderingsuttrykk
10. Grader
11. Gradsnamn
12. Vitnemål mv.

Særleg om § 1-2 i noverande forskrift
Ei endring arbeidsgruppa ventar noko diskusjon om, er forslaget om å fjerna § 1-2 om høve til å søke universitetsstyret om unntak frå forskrifta sine reglar om undervising og vurdering. I staden er dette omsynet tatt inn i ei ny føremålsføresegn (§ 1-1), som set rammene for

tolkinga av reglane i heile forskrifta.

Bakgrunnen for framlegget er for det første at føresegna *aldri har blitt brukt*. Sist det kom inn søknader var i 2017, og då var konklusjonen frå Studieavdelinga at framlegget *ikkje* kravde unntak frå forskrifta – det kunne gjennomførast innanfor gjeldande reglar. For det andre heng dette saman med ambisjonane til arbeidsgruppa, som nettopp er å fjerne dei hindringane som noverande § 1-2 var meint å gi unntak frå. For det tredje fryktar arbeidsgruppa at føresegna gjer eit feilaktig inntrykk av at det er mogleg å gjere større unntak frå forskrifta enn det om universitets- og høgskolelova og sentrale forskrifter opnar for. Føresegna i § 1-2 opnar ikkje for å setje til side reglar fastsett av lovgjevar eller departement, og det er her ein i praksis finn dei reglane som nytenkjande undervisarar ved UiB finn hemmande.

Det er usikker kva signaleffektane av noverande § 1-2 er. Føresegna gir truleg eit signal om at universitetet ønsker innovasjon i undervising og prøving. Samstundes kan den gi inntrykk av at slik innovasjon er administrativt vanskelegare å gjennomføre enn det faktisk er. Arbeidsgruppa meiner at den nye føremålsføresegna i § 1-1 vil gje betre uttrykk for ønsket om innovasjon i undervisnings og prøving, samstundes som forskrifta for øvrig er søkt utforma slik at handlingsrommet er så stort som det lova og sentrale forskrifter tillèt.

Vurderingsuttrykket bestått og ikkje bestått
Arbeidsgruppa er uttrykkeleg bedt om å vurdere forholdet mellom den graderte karakterskalaen (A til F), og ugradert vurderingsuttrykk (bestått/ikkje bestått). Desse er dei to tillatne vurderingsuttrykka universitetet kan bruke, jf. uhl. § 3-9 (6).

Universitetet i Bergen har definert nærmare kvalitative kriterier for den graderte karakterskalaen, som samsvarer med tilrådingane frå UHR. Tilsvarande kriterium finst ikkje for det ugraderte vurderingsuttrykket, men forskrifta understrekar at vurderingsuttrykket er «uten sammenheng» med den graderte karakterskalaen, sjå den noverande forskrifta § 7-1(2).

Til tross for forsøket på å lausrive vurderingsuttrykket bestått/ikkje bestått frå bokstavkarakterane, endar diskusjonar om kva som skal til for å få bestått fort opp som ein diskusjon om krava for bestått er dei same som for karakteren E, eller om dei kan vere strengare. Ettersom den kvalitative definisjonen av ein E er ein "[p]restasjon... [som] tilfredsstiller minimumskrava" så er ikkje dette til å undrast over. Kan ein krevje meir for bestått enn at ein prestasjon "tilfredsstiller minimumskrava"?

Svaret på dette spørsmålet er i prinsippet "nei" – ein prestasjon som tilfredsstiller minimumskrava formulert i læringsutbyteskildringa må vurderast som bestått, uavhengig av om vurderingsuttrykket er bestått/ikkje bestått eller bokstavkarakterar. Det er ikkje støtte i universitets- og høgskulelova for ei ordning der ein prestasjon som ville fått teljande resultat (E) om det var nytta gradert vurderingsuttrykk, får ikkje bestått berre fordi det er vald vurderingsuttrykket bestått/ikkje bestått.

Samstundes understrekar arbeidsgruppa at det er fullt mogleg å utforme læringsutbyteskildringa slik at krava for bestått er strenge. Om ein til dømes tenkjer seg eit emne på studieprogrammet i farmasi der læringsutbyteskildringa slår fast at studentane må kunne framstille legemidlar med eit særs høgt presisjonsnivå, kan ein fint krevje alt rett på eksamen for bestått. I eitt slikt tilfelle ser ein kva det vil seie at vurderingsuttrykket bestått/ikkje bestått er lausrive frå den graderte karakterskalaen – dersom det krevst alt rett for å bestå, gjer det ikkje meining å forsøke å rekne om prestasjonen til ein bokstavkarakter.

Samanhengen mellom læringsutbyteskildringa og grensa bestått/ikkje bestått er den same for alle emne. Det er læringsutbyteskildringa som definerer dei faglege minstekrava for teljande resultat, anten dette kjem til uttrykk som bokstavkarakteren E eller vurderingsuttrykket "bestått". Løysinga for å stille dei minstekrav til bestått som fagmiljøa meiner er på sin plass, er derfor å revidere læringsutbyteskildringa (og ikkje å forsøke å seie at det for bestått krevst t.d. ein prestasjon som ville fått ein C om det hadde vært nytta bokstavkarakterar). Eit fagmiljø som ønsker å gå over frå gradert til ugradert vurderingsuttrykk på eit emne, men som meiner dei faglege krava for bestått bør vere høgare enn dei minstekrava for ein E som gjaldt tidlegare, må ganske enkelt revidere læringsutbyteskildringa slik at minstekrava for bestått er på ønskt nivå. Eit svært enkelt døme vil vere ein endring frå krav til "kjennskap" til eit eller anna til "god kunnskap" eller "gode ferdigheiter". Enno betre er det om det læringsutbyteskildringa spesifiserer kva det meir konkret inneber at studentane skal ha "god kunnskap" om X eller kunne gjere Y med høgt presisjonsnivå/liten feilmargin osb.

Arbeidsgruppa sit med inntrykk av at denne samanhengen mellom læringsutbyteskildringa og grensa bestått/ikkje bestått ikkje er godt nok forstått i fagmiljøa. Dersom ein legg om frå bokstavkarakterar til bestått/ikkje bestått på eit emne utan å justere læringsutbyteskildringa, så kjem ein ikkje unna at ein prestasjon som året før ville fått ein E, no må vurderast til bestått.

På denne bakgrunnen gjer arbeidsgruppa framlegg om slik skildring av det ugraderte vurderingsuttrykket:

> (1) Sensuren får uttrykk anten ved ugradert vurderingsuttrykk (bestått/ikkje bestått) eller gradert vurderingsuttrykk (A-F).
>
> (2) Teljande resultat med ugradert vurderingsuttrykk vil seie at studenten har nådd læringsmåla, slik desse er fastsett i læringsutbyteskildringa.

Andre endringar

Kapittel 4 kneset forventinga om heiltidsstudenten som tar emne tilsvarande 60 studiepoeng i året. Kapittel 5 er eit større grep for å samle reglane som gjer unntak frå dette. Omsorg for barn, sjukdom, dødsfall i familie, andre velferdsårsaker kan utløyse plikt eller høve til permisjon eller deltidsstudium. Reglane om tilrettelegging – som i noverande forskrift er spreidd over to kapittel – er også foreslått samla i kapittel 5. Vi meiner denne strukturen blir meir brukarvenleg

Vi har fått tilbakemeldingar om at det er vanskeleg å forholde seg til spreiinga av desse reglane, i dagens regelverk. Samlinga i kapittel 5 er i første rekke motivert av at reglane skal vere enklare tilgjengelege for studentane, men vonleg vil tilsvarande gjelde for administrativt tilsette, i alle fall nytilsette.

Følgene av innvilga permisjon er også endra. Ein permisjon vil etter framlegget seie at studenten held på sine rettar som student, dersom han ønsker det, *og* får utvida studieretten i tid. Denne endringa er ei forskotering av lovendringsforslaget i Prop. 74 L (2021–2022).[3]

[3] Prop. 74 L (2021–2022), side 72 forslag til ny § 4-3 e.

Endringar av sentralt regelverk
Fleire av innspela som arbeidsgruppa har fått undervegs i arbeidet gjeldt spørsmål som ligg utanfor det handlingsrom som universitets- og høgskulelova og sentrale forskrifter gjer dei einskilde universiteta. Sidan regjeringa for tida arbeider med ny universitets- og høgskulelov – eller i det minste vesentlege revisjonar av henne, vel arbeidsgruppa å gjere Utdanningsutvalet merksam på nokre av desse innspela.

Fleire fakultet har spelt inn at sensurfristen på tre veker bør sjåast i samanheng med planlagt og ikkje-planlagt fråvær. Fristen er i dag for streng, og tærer både på faglege og administrative krefter, særleg i periodar med mange raude dagar eller avvikling av ferie.

Reglane om "gjenbruk" av studiepoeng i godkjenningsforskrifta er ikkje tilpassa dei integrerte masterprogrammane som det i seinare tid har vorte fleire av. Godkjenningsforskrifta § 4 regulerer «gjenbruk» av studiepoeng – det vil seie krava til nye studiepoeng for å få ny grad. Føremålet med regelen er, mellom anna, at studenten ikkje kan få fleire grader på same faglege grunnlag. Derfor er det eit krav om minimum 60 nye studiepoeng, som altså ikkje allereie inngår i grunnlaget for tildelt grad. Same regelen set eit tak på kor mange nye studiepoeng universitetet kan krevje:

> «Institusjonene kan selv fastsette krav om inntil 90 nye studiepoeng for bestemte utdanninger.»

Samstundes har universitetet ei rekke studieprogram som er organiserte som integrerte fem-årige løp, og som også fagleg sett kan ligge nære eitt eller fleire bachelorprogram. Ein student kan oppnå bachelorgrad, frå UiB eller frå eit anna universitet, og så få opptak til eit integrert masterprogram. Då vil kravet om nye studiepoeng bli oppnådd av dei to siste åra på det integrerte løpet, slik at studenten endar opp med både ein bachelorgrad og ein integrert 5-årig mastergrad. Studentar som startar rett på det integrerte programmet vil derimot berre oppnå éi grad, sjølv om dei produserer like mange studiepoeng (300).

Vidare arbeid internt på UiB
Arbeidsgruppa har gjennom innspelsrundane fått godt innblikk i dei utfordringane som administrativt og fagleg tilsette og studentar møter når dei må forholda seg til eit uoversiktleg regelverk med mange lag – frå universitets- og høgskulelova og sentrale forskrifter, via UiBs eigne forskrifter og tilhøyrande retningslinjer mv. og til utfyllande reglar vedtekne av dei einskilde fakulteta.

Arbeidsgruppa meiner det er viktig at framlegget til ny forskrift vert sendt på høyring til alle fakultet, med ein romsleg høyringsfrist. Det er ikkje til å unngå at eit forsøk på ein større opprydding og forenkling førar med seg ein risiko for at nokre av reglane som arbeidsgruppa har stroke, likevel viser seg å være viktige for eit eller fleire fakultet.

Arbeidsgruppa meiner vidare at det er viktig at Studieavdelinga utarbeidar informasjonsmateriell som gjer det lettare å forstå korleis den nye studieforskrifta forhald seg til universitets- og høgskulelova og sentrale forskrifter, og kva for handlingsrom fakulteta har til å gje utfyllande reglar. Ei elektronisk "kommentarutgåve" til forskrifta som blir oppdatert med endringar i dei sentrale reglane ville vere svært verdifullt.

Arbeidsgruppa meiner vidare at UiB bør få studieforskrifta omsett til engelsk. Det er mange utlendingar som studerer hjå oss, og for mange av desse er det ikkje venta at dei lærer seg norsk på eit tilstrekkeleg høgt nivå. For tida er denne oppgåva i stor grad «delegert» til

Studieombodet, og det har neppe vore hensikta med den stillinga.

Endeleg vil arbeidsgruppe framheve at forskrifta må reviderast på nytt så snart ein ny universitets- og høgskulelov er på plass, og at det er viktig at revisjonen er heilskapleg.